

Årsmelding idrettsskolen

Idrettsskolen i EIL er aktiv i to av barneskulekrinsane, Ostereidet og Eikanger. Aktiviteten for begge lage er i hovudsak lagt til idrettsanlegget på Ostereidet.

Idrettsskolen for Eikanger er som før organisert i to grupper. Det er ei gruppe for førskuleborna og 1. trinn og ei for borna tilhøyrande 2.-4. trinn. 42 born er registrete deltakarar, av dei er det 10 born frå Leiknes. Det er 5 leiarar som rullerer på oppgåvene. Dei aller fleste borna møter opp til kvar samling. Det er utfordrande men gledeleg at så mange born nyttar tilbodet. Borna har eit tilbod kvar måndag. I hovudsak rullerer dei to gruppene med basseng- og gymsalaktivitetar annakvar veke. I haust introduserte ein i tillegg orientering for dei eldste borna der ein nytta det nye o-kartet for Ostereidet. Ein satsar på framhald i denne aktiviteten til våren. I bassenget går fokus frå det å bli trygg i vatnet og å læra seg å symja, til for dei eldste å trena på ulike teknikkar som crawl samt distansesymjing/uthald. I Gymsalen forsøker ein å ta utgangspunkt i grunnleggjande dugleikar ved val av aktivitetar. For hausten har det vore spenst, rørsle, balanse samt løpeteknikk. Det viktigaste er uansett å skapa positiv idretts glede i eit fellesskap saman med andre.

Idrettsskolen på Ostereidet har hatt tilbod til 3 grupper i 2013. Aldersdeling; barnehage/1. klasse, 2.-4. klasse, 5.-7. klasse. Treninga er om tysdagane frå 17.00-20.00. Vi har hatt litt problem med å få nok trenarar hausten 2013, så derfor har nokre av gruppene berre hatt tilbod om trening annakvar veke.

Antal deltakarar

- barnehage/1. klasse: 14
- 2.-4. klasse:
- 5.-7. klasse:

Aktivitetane har vore leik, sirkeltrening og ballaktivitetar.

Vi har brukt bassenget litt denne hausten. Vi treng ein gjennomgang på korleis badevaktssystemet for idrettsskulegruppene skal fungera.

I 2014 vil det bli skipa til kurs for trenarane i idrettsskolen (7.-9. febr.). Det vil bli gitt tilbod om ski- og skeiseaktivitetar dersom veret tillèt det i vårsemesteret. Vi ønskjer å kjøpa inn/supplera utstyr til idrettsskolen i 2014.

Det er laga felles reglar og retningsliner til borna og trenarane denne hausten. Alle nye trenarar må få desse utdelt når dei startar. Alle kan koma med innspel til retningslinene.

Sosialt tiltak: Vi har kjøpt ein vasskokar og set fram denne saman med te og pulverkaffi til foreldre som ventar i vestibulen. Utstyret blir oppbevart i idrettslaget sitt rom i gymsalen.

Budsjett:

Ber om å auka tildelt sum til 22 000,- då ein ser behovet for blant anna å gjera ein del større investeringar knytt til utstyr. Dette gjeld blant anna utstyr til gymsalen som no ikkje er tilfredsstillande utstyrt. I tillegg er det ønskjeleg å kjøpa inn meir utstyr til orientering.

Utgifter:

- Div utstyr til aktivitetane i gymsal, basseng og orientering 14000,-
- Kurs- og instruktørmateriell 3000,-
- Utgifter til drift 5000,-